

Voluspå - ultranaturleg visdom for i dag?

Kronikk av Hallgrim Hansegård

Innleiing - frå myte til samtid

Norrøn mytologi er fascinerande, men blir ofte avfeia som eventyr eller overtru. Eit samfunn tufta på tankar om at vitskapen og marknaden løyser alle problem skapar nye myter, som at me ikkje treng å redusere vekst for å redde jorda. Men kanskje kan vitskapen bidra til å identifisere og utvikle ei økologisk og relasjonell innsikt frå den over 1000 år gamle Voluspå? Er dette diktet frå norrøn mytologi kun overnaturlig mystikk? Nei, eg meiner heller diktet kan vera ei kilde ultranaturleg visdom! Dette essayet er eit forsøk på å tolke Voluspå ikkje som mystikk, men som ein annan alternativ form for intelligens – det filosof Arne Næss kalla “djupøkologisk innsikt”, systemteoretikaren Gregory Bateson kalla “the pattern that connects”, og filosofen Merleau-Ponty forstod som vår “interkropplege” deltaking i verda. Det handlar om å lære det å lære av naturen gjennom kropplege erfaringar. Og difor gjev Voluspå meir mening for meg dansa og sunge enn lese frå ei bok.

Den levande forteljinga

Som tenåring hang eg mykje i Jotunheimen, og i samhandling med fjella opplevde eg dei ikkje som passive kullisser, men tvert imot som aktive karakterar med sjel. Det å ha eit aktivt og personleg forhold til naturen blir ofte assosiert med urbefolkningar andre stadar på kloda, Men eg mener det er like relevant når ein tek utgangspunkt i vår eigen kultur? I Valdres har eg vokse opp med skikkar som å setja ut graut til gardsnissen, gå julebuk og midtsumardans. Er det berre artig for barna, eller kan eg finne meir mening i det ved å lære meir om bakgrunnen for desse skikkane? Som æsegudane samla seg rundt verdstreet Yggdrasil for å rådslå, samlar mange familiar seg rundt juletreet for dans og songar, som blant anna hyllar treet. Slik har alle gamle skikkar ei rikare historie, og Voluspå er sjølve oppslagsverket for den norrøne mytologien.

Då Voluspå vart framført munnleg i heimane for over 1000 år sidan var det kropplege og rytmiske uttrykk utan skilje mellom forteljar og lyttar. Det var kunstfag, historie, religion, naturfag og språk i eitt. Og historiene levde i kroppane til folk, enten om dei takka Frøy for ein god innhausting, eller dansa rundt ein maipåle (Yggdrasil) for god vekst. Eg har valt skapa ei framsyning der kroppane viser korleis kunnskap blir tatt vare på og formidla gjennom kropplege uttrykk og samhandling. Norrøne kjelde fortel om dans, maskebruk, seidsong og hamskifte, og spor av dette har eg vokse opp med gjennom til dømes å gå julebuk.

Til vår tolking av Voluspå har eg praktisert det med fagleg påfyll frå dervisjar, arkeologar, økofilosofar, psykoanalytikarar og religionsvitarar. Samstundes får du nyte rytma og lyden av dei 66 versa, nokon på originalspråket, andre på nynorsk. Her er mykje for den høgre hjernehalvdelen din, som du ikkje treng å forstå, men oppleva. Difor får du no servert ein intellektuell inngang til tolkinga mi av Voluspå.

Volva og treet - eit økologisk bilde

2.

Eg minnest jotnar
Fyrste borna
Som i fordumstid meg
fostra hadde
Ni minnest eg heimar
Ni trollkvinner
Mortre mektig
Før or mold det nuppar

Slik startar volva historia om opphavet til verda i Voluspå. Ordet volve kjem av det norrøne *volu* som tyder stav. Stav kunne også bli kalla *gandr*, som hadde *sjel* som dobbelttyding. (Gandalf frå Ringenes herre er eit navn lånt frå Voluspå og tyder alv med magisk stav.) Nokre volver er funne i graver av høg status med både seremonistav og medisinar. I den norrøne originalen hugsar volva “Niu man ek ividjur” (Ni hugsar eg dei som er inni vidjene, dvs “ni trollkvinner i trea”). Volva i Voluspå kan fortelja om både fortid og framtid. Å spå kan verke fjernt - sjølv for dei som trur på vermeldinga. Men kan me likevel forstå kva volva formidlar av som eit djupare, relasjonelt og økologisk medvit, basert på sansing, symbol og mønster?

Kanskje ligg litt av magien i å forstå korleis samanhengane i naturen vil påverke framtida? Lat oss starte med forholdet mellom volver og tre.

Vatn utgjer minst halvparten av vektta til både tre og menneske, og det er det same vatnet som går på rundgang. Den grensesprengande treforskaren Suzanne Simard har klart å vitskapeleg påvise at det finst mortre som lyttar på andre tre av både eigen og andre sin art gjennom nettverk av soppar, for så å kanalisere energi til dei trea som treng det. Dei innfødte i Canada der Simard kom frå hadde fortalt ho om fenomenet, men det var avfeid som overtru før ho faktisk klarte å påvise det vitskapeleg i laboratorium. Kunnskapen om trea sin kommunikasjon var altså ikkje overnaturlig, men ultranaturleg visdom. Kanskje er det tette bandet mellom volva i Voluspå og trea kjelda til det ho har å fortelja?

Ginnungagap - samspel som skaparkraft

3.

Alt var Bølgja
av urllyden byggd
Var korkje sand eller sjø
ei svale bølger
Jord fanst ikkje
ei nokon himmel
var Ginnungagap
Men gras var ikkje

I byrjinga av Voluspå finst berre det store gapet – Ginnungagap – mellom varme og kulde. Når elementa møter kvarandre,, spring livet fram. Gudane kjem ikkje frå ein annan dimensjon, men oppstår i møtet mellom elementa, slik som resten av verda. Det er samverknad – relasjon – som skaper verda. Dette minnar slående om biologen og systemteoretikaren Gregory Batesons tanke: “Bevisstheit er ikkje noko inne i eit hovud, men eit mønster av forskjellar i eit system.”

Både materien og bevisstheita blir i Voluspå til gjennom spenninga mellom element – som i økologisk balanse. Her liknar myten på det fenomenologen Maurice Merleau-Ponty kallar reversibilitet: Erfaringa vår av verda oppstår ikkje utelukkande i at me sansar den, men heller gjennom vår gjensidige deltaking med dene verda som me eksisterer både i og med. Utan reaksjonskraft og andre fysiske samhandlingar ville me ikkje hatt erfaringar å teoretisere rundt.

Frå tanke til handling

Ein naturvitar ønskjer gjerne bevis, men bevis krev ein modell, og modellen kjem frå ein måte å sanse og tolke verda på som kun inkluderer faktorer som kan bli observert, målt og vegd. Det stimulerer venstre hjenehalvdel. Naturvitskapen har gjeve oss mykje større forståing for korleis verda fungerer, men me har samstundes blitt elendige til å ta vare på ho. Korleis ein forvaltar kunnskap er eit viktig tema i Voluspå. Bruker me den til eigen vekst til skade for andre, eller til å søke, forstå og praktisere samanhengar og heilskap?

I Voluspå spelar æsegudane sjakk i sorglause dagar, utan tankar om å dele livet med den materielle verda som kan romme menneske, dyr og planter. I vers 8 kjem tre ursterke kvinner frå Jotunheimen og utfordrar gudane til å bruke ordens- og skaparkreftene sine til å gje ande og blod til materiet på jorda. Den påfylgjande kampleiken og brytinga mellom ordens- og kaoskreftene fører til skapinga av det svært så samansette mennesket.

8.

Tavlspelet på tunet
triveleg var.
Var dei velforlikte og
vanta ikkje gull.
Til tre kvendo,
tryllande møyer,
Åmåteleg makt
or Jotunheimen kom.

Æsegudane høyrer på dei tre nornene og vil skapa menneska av stokkar. Men fyrst har dei ei idemyldring på heile sju vers som skisserer menneskelege kvalitetar i leire. Desse ideane av menneske kan bli samanlikna med ideen me har av forfedre som ikkje har kropp, men lev under jorda. Ordet dverg kan bety “under jorda” eller å grava, og den lange opprampinga av

dvergenamn i vers 10-16 har altså godt skjulte idear menneska. I vers 12 finn me døme på desse ikkje-materielle ideane om menneske, her er dvergenamna omsett til moderne nynorsk utan å ta hensyn til diktqualität:

Grensevaktar og sjeglans,
Vindglans, Den som torer,
Lengtar og Den lengtande,
Den kjende, Den litande og
Den vise,
Den nye og Nyskapande,
no har eg dvergar,
Den mektige og Den rådsviser,
rett talt.

Veggr ok Gandalfr,
Vindalfr, Þorinn,
Þrár ok Þráinn,
Þekkr, Littr ok Vittr,
Nýr ok Nýráðr,
nú hefi ek dverga,
Reginn ok Ráðsviðr,
rétt of talða.

Symbola i naturen

Menneska er skapt, og æsegudane samlar seg til tings rundt dei allmechtige nornejotnene ved Urdarbrunnen under treet Yggdrasil. Dei ser nornene ause pleiande leire på barken til verdstreet, og slik tek dei vare på det som bind oss saman.

Ask veit eg standa
heiter Yggdrasil
Over barken ausa
kvit aurleire
Derfrá kjem doggen
Som i dalane fell
Stend over, alltid grøn
Urd sin brønn

I norrøn kultur var Yggdrasil eit symbol på heile Mjølkevegen eller universet. Men han kunne også vera treet der folk budde, og slektstre med røter og greiner. Ord som “slektstre” er framleis så sjølvsegte i språket vårt at det fortsatt blir nytta som både tankesett og symbol.

Voluspå nyttar mange slike arketyperiske symbol – som treet, ulven, slangen, stormen. Jung brukte også slike gamle mytologiar då han skapte si form for psykoanalyse og teori rundt det kollektivt ubevisste, og nytta arketyper og symbol for å personifisere reaksjonar på ein samansetning av sansing, erfaring og kultur.

Heidegger skriv at mennesket “bur poetisk” – at me lev i ei verd der sansing, språk og veremåte flettar seg saman. Og poesi, som Voluspå, kan difor opne for ei form for erkjenning som går djupare enn den rasjonelle tanken. Det forklarar ikkje alt, men kan avdekke noko meir.

Kampen om kunnskapen

Ein dag gjennomgår volva Gullveig (som betyr visdomsdrikk) eit rituale der ho blir brunne tre gongar og oppstår kvar gong. Ho vitjar døden og blir endå visare før ho reiser rundt og lærer opp andre kvinner som ikkje eignar seg som brurer. Denne visdomen vil Oðinn ha, og han startar difor ein krig mot vanene som endar opp med at han får volva Frøya som gissel. Ho lærer Oðinn magi, og denne innsikta gjer at Oðinn ser kva han har volda, og kva trussel han er for framtida.

Blant anna har Oðinn kanskje gjeve blodsbror hans Loke grunn til å føle seg mobba og uthengd. Loke får Oðinns son Baldr drept, og Oðinn hevnar seg så på blodsbror sin ved å binde han under ein giftig slange. Ved sida hans sit Sigyn med ein bolle og samlar opp gifta. Her er ei av dei mange hemmelege dobbelmeiningane i Voluspå; Sigyn tyder “siger”, og sigersguden Oðinn kan ikkje unngå sin undergang.

35.
Handbunden ser ho liggja
ved heite kjelda
Luraren lik
Loke attkjenner
Der sit Sigyn
lite av sin
ven vel gledast
Veit du nok no, eller kva?

Lytting på liv

Kampleiken med dei andre kreftene har mista leiken i seg. Kva skal han Oðinn gjera? Han oppsøker volva for råd og kunnskap.

28.
Áleine sat ho ute
Dá inn den gamle kom
Oðinn av æsane
og i augo mine leita
Kvi spør du meg?
Kvi freistar du meg?
Alt veit eg, Oðinn
kvar du auga gøymde
i kjelda mektige
Minnebrønnen
Drikk mjød, det minnet
morgonar kvar
av panten át valfader
Veit du nok no, eller kva?

“Áleine sat ho ute”; her praktiserer volva sitjande meditasjon, i norrøn tid ofte under eit eiketre på gravhaugar. Kanskje lyttar ho på teikn frå naturen, kanskje minne frå si eiga slekt? Noko forskning argumenterer for at sansande og kjenslemessig gjenklang i kroppen utløyst av naturen også kan vekke veldig gamle minne... Men kan slike minner også bli overført gjennom generasjonar? Epigenetisk arv, at livererfaringar kan slå på og av gen, blir i alle fall forska på. Dette er ikkje så fjernt frå korleis Suzanne Simard har vist at dei store mortrea overfører karbon til dei andre trea i nettverket før dei dør. Dei har “parallelar til krystallisert og flytande intelligens i minnebasert læring.”

Fyrst sansar volva, og lét teikna i naturen koma til seg. Ho er innvevd i “World wood web”, i det me i dag ville kalla ein økologisk og sanseleg intelligens. Den amerikanske økologen og filosofen David Abram skriv i *The Spell of the Sensuous* at urfolk sin intelligens er rotfesta i kroppen, i direkte kontakt med landskapet, der fuglelydar, steinformasjonar og vindretningar alle fortel noko. Han meiner, som Bateson, at bevisstheit ikkje er lukka inne i hjerna vår, men fyller naturen og er eit altomsluttande nettverk som me tek del i.

Leiken med det utanomjordiske

Volva lyttar altså fyrst på naturen. Så går reisa innover på jakt etter transcendentale erfaringar. Korleis kunne det foregå? Eit utdrag frå vers 22 gjev eit hint:

Volva vel ho spádde
Vittigt ho ganda
Seid ho kunne
Seid med hug ho leika

Ordet seid kjem av “tråd”, og det å trekke fram erfaringar eller hendingar frå andre tider eller stadar. (Ref. Eldar Heide.) I praksis skjedde det under sang, og historiske kjelde viser at ein slo ring og song i lag, medan volver eller noaider spelte, dansa eller meditererte seg i transe. Songen *Vardlokkur* frå Eiriks saga Rauða skulle lokke vardene, som var nokon hjelpeandar. Til slutt kunne bevisstheita til volva flyge mellom verder, frå vers 29:

Såg ho vidt, så vidt
av kvar ei verd.

Ein undergang varsla i samanhengane

Volva gjev ikkje kalkyler – ho gjev bilde, rytmer og samanhengar. Eit bilde på det som held oss saman er verdstreet, og når treet ryk går me tom for mat og varme, brør vil drepe kvarandre og limet går i oppløysing:

47.
Skjelv Yggdrasils
ask standande

ular i aldande tre
når jotnevargen løsnar
redde er alle
på helvegane
før Surts brann
i seg dei sluker.

Volva ser ikkje “framtida” som ei lineær hending. Ho ser korleis ting heng saman – røter og greiner, val og verknad. Bateson skriv at det å lære å lære er den mest komplekse og viktige intelligensen me har. Volva vår sit ute i naturen og lærer. Kva med deg sjølv? Har du spådd veret i skyene og lufttrykket du kjenner på kroppen? Har du lytta til kneppa og susen av energistraumane i eit tre som sug næring? Til og med fjella veks, samhandlar og forvitrar. Namnet “Hurrungane” kjem av ungane til bråk (hurr). Ein vårdag sat eg i Ringsdalen ein halvtime og lytta til fjella. Sola titta opp over eggen, og dei isete fjellveggane svara med steinsprang. Ein halvtime gjekk utan at det var stille ein augeblunk!

Sola som symbol

Volva gjev oss fleire varselsteikn på at verda vil bryte saman:

Gaular no Garm mektig
Fyre Gniphelli
Festet mun slitna
Han Fenrir renn
Fullt veit eg fortid
Fram ser eg lengre
Om ramme gudar ryk
Raknar gudesiger

Ulven Fenrir og hans ungar skapar i Voluspå den same uroa som me kanskje kjenner på i dag? Kor vill skal me la naturen vera? Skal eg ha bandtvang på dei ville kjenslene mine, eller finst det andre måtar å temme dei på? I norrøn mytologi bind gudane Fenrir (“Rir mørkret”) i undergrunnen, men det gjer han så rasande at han slit seg og drep Oðinn til slutt. Også i dag konkurrerer me med ulvar, til dømes om sauar. Men krisetider minnar oss om at me ikkje er dommarar over verda.

Bergkunsten i Norden stadfestar at sola har vore avgjerande for oss i alle tider. Den store frykta har alltid vore å miste lys og varme, noko menneske har opplevd grunna vulkanaskeskyer i til dømes år 536. Det førte til tre års “fimbulvinter”. Norrøn mytologi minnar oss om at me ikkje skal ta korkje sol eller måne for gitt, og at dei begge blir jakta av ulvar. Vers 40:

I aust sat gamla
I jernvidjene
og fødde der
Fenris' slekter
Vart av desse alle
ein av natta
Månetjuven
I trolls ham

Og me blir også minna om at menneska kjem korkje fyrst eller sist i livssyklusen til ei jord:

57.	59.
Sola svartnar	Ser ho opp koma
sig jord i hav	andre gongen
kverv av	jord or havet
kvelvingen	atter grøn
kvite stjerner	fallande fossar
gufsar eimen	flyg ørn over
og eldane	som er i fjella
leikar og hittar	for fiskar å veide
mot himmelen	
sjølv	

Det handlar om å lytte

Så, kvifor skal eg tru på at verda er skapt av kulde og varme og at månen blir slukt av ein ulv? Volva ber oss ikkje tru - ho ber oss lytte. Ho kjem ikkje med lovar og reglar, men minnar oss om at alt heng saman, og kva som skjer når ei kraft tek overhand og reduserer handlingsrommet til dei andre kreftene. Det kan vera inni oss, i naturen, i samfunnet, eller i verda. Dualismen kom med kyrkja og delte oss i kropp og sjel. Naturvitskapen kom med reduksjonismen som lærte oss at me lyt separere ting for å få kunnskap me kan stole på. Deretter har me øvd på å dele opp og eliminere det uvesentlege. Kanskje kan Voluspå minne oss om å heller lytte, sjå samanhangar og finne att heilskapen i samdansen med alt levande?

1

Lytt! ber eg alle
Heilage slekter
Meir og mindre
barn av verda
Vil du at eg, Allfader
Vel fortel
Det fyrste som skjedde
Som er fremst i minne